

Hamsun

2009

**Pressemappe for den nasjonale markeringa
av 150-årsjubileet for Knut Hamsun (1859-1952)**

1. august i Lom/Vågå

**Kl. 15.00: «Å Isak! Hamsun på tvers av tida»
Gratis framsyning på Sognefjellet, ved Mefjellet**

Pressekontaktar:

Hamsun 2009 Marte-Kine Sandengen 900 90 765 marte-kine.sandengen@nb.no

Kunstnarisk ansvarleg for opninga / Riksteatret: Catrine Telle 913 88 303 ctelle@online.no

Øvrig program for dagen

Kl. 12.00–19.00: «Markens grøde» torgdag i Lom sentrum. Lokale matprodusentar frå Ottadalen og Gudbrandsdalen.

Kl. 11.00: Måleriutstilling av Arne Sandervang på Lom folkebibliotek. Opning ved ordføraren i Lom.

Kl. 12.00: Måleriutstilling av Karl Erik Harr i Steinfjosest. Opning ved teatersjef Ellen Horn.

Kl. 19.30: «Ord og liv. Om Hamsuns tvisyn i *Markens grøde*. Foredrag i Nordalsberget ved Inge Eidsvåg, lektor og forfattar. Musikk ved Kristin Kolden.

Kl. 21.00: Filmen *Markens grøde* (Gunnar Sommerfeldt, 1921) i Lom samfunnshus. Innleiing ved Norsk filminstitutt.

Hamsun

2009

Å Isak! Hamsun på tvers av tida

Gratis jubileumsframsyning i høve 150-årsjubileet for Knut Hamsun sin fødsel på Sognefjellet 1. august klokka 15.00

Om lag hundre kvinner i gule kjolar samlast på fjellet. Blant dei Ane Dahl Torp, Liv Bernhoft Osa og Marit Østbye. Ramma inn av fjell, korverk, barnegråt og bylydar møter vi *Markens grøde* sett gjennom auga til fem framstående norske samtidsforfattarar.

Herbjørg Wassmo, Gro Dahle, Maria Tryti Vennerød, Hanne Ørstavik og Vigdis Hjorth vart inviterte til å kome med ein reaksjon på nobelprisromanen frå deira perspektiv som skrivande kvinner i 2009. Det er kjærleik, sarkasme og refleksjon.

Kva syng dei om, kvinnene i fjellet? Er det barna som døydde? Er det Knut? Er det Isak?

Det er Isak.

Og skoene hans lager spor over huden min.

Skoene hans går langs blodårene mine.

Føttene hans krysser hjertet mitt

og fortsetter videre under ungenes store trekroner.

utdrag frå Gro Dahles bidrag

Kom til vakre Gudbrandsdalen, der Hamsun vart fødd og levde dei første åra sine, og opplev dette storslagne møtet på tvers av tida!

Hamsun

2009

Medverkande til *Å Isak!*

Skodespelarar: Ane Dahl Torp, Liv Bernhoft Osa og Marit Østbye

Kvinnekor: friviljuge koristar

Fele: Marie Forr Klåpbakken

Regi: Kjersti Horn

Komponist/lyddesign: Erik Hedin

Korleiarar: Hildegunn Hovde og Kristbjørn Rossehaug

Kostyme: Marianne Sembsmoen

Maskør: Marianne Log

Teknisk produsent: Alexander Konings

Produsent: Beate Svenningsen

Kunstnarisk leiar Hamsun-året: Catrine Telle/Riksteatret

Takk til:

Oslo Nye Teater

Det Norske Teatret

Marianne Kjølstad

Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps

Kjell S. Stålevik

Ungdomshuset i Lom

Om Knut Hamsuns roman *Markens grøde*

Markens grøde – ein lovsong i romanform til jordbruk og nybyggjarliv – gav Hamsun nobelprisen i litteratur i 1920. Boka er ei brei episk forteljing om nybrottsmannen Isak Sellanrå som går inn i villmarka og bryt ny jord. Saman med Inger med hareskaret byggjer han familie og eit levedyktig tilvere basert på det naturen har å tilby.

Isak Sellanrå realiserer sjølv jorddyrkaren sin idé. Han er frå alle tider og alle land. Han øver ei gjerning som er heilt naudsynt, eit arbeid som ikkje berre er skapt av det elementære livsbehovet, men som rører ved sjølv livsmysteriet. Både i tematikk og i oppbygging står *Markens grøde* fram som naturen sin eigen tale.

Bård Hanem, Lom kommune

Med romanen *Markens grøde* gav Knut Hamsun ei litterært ugløymande skildring av ein reaksjonær utopi, ein apologi for jorda, naturen og landbruket ved inngangen til det 20. hundreåret da industrialisering og urbanisering sette det tradisjonelle jamvektssamfunnet under press. Vi møter dei kluntete heltane i nybrotet som outsidersar i samtida, medan dei høyrer heime i marka, der forfattaren gjer dei til førebilete for den tida som er forbi, samtidig som han let oss smile både av dei og med dei i deira strev og deira uelegante kjærleikskurtise.

Den reaksjonære Hamsun kan vi studere politisk i artiklar, brev og avisinnlegg; i *Markens grøde* ser vi han dikte ein draum om eit samfunn det ikkje lenger var mogleg å skape framtid av.

Per Thomas Andersen, professor, Universitetet i Oslo

A red ribbon-like graphic with the word "Hamsun" in white, and a gold ribbon-like graphic below it with the year "2009" in white. The gold ribbon has a dotted pattern at the bottom.

Hamsun

2009

Hamsun på film

I samband med 150-årsjubileet til Knut Hamsun i 2009 blir det gitt ut ein DVD-boks med seks Hamsun-filmatiseringar.

Filmene i samleboksen er: *Markens grøde* (Gunnar Sommerfeldt, 1921), *Pan* (Henning Carlsen, 1995), *Landstrykere* (Ola Solum, 1989), *Sult* (Henning Carlsen, 1966), *Hamsun* (Jan Troell, 1996) og *Telegrafisten* (Erik Gustavson, 1993).

I alt er det laga over 20 Hamsun-filmatiseringar, frå dei første frå 1916–17 i Russland til ein ny versjon av *Sult* produsert i USA i 2001. I tillegg er det laga to biografiske filmar, to dokumentarfilmar, ei mengd kortfilmar og fjernsynsproduksjonar.

Laurdag 1. august blir lanseringa av DVD-samlinga markert i Lom ved å vise stumfilmen *Markens grøde*. Både filmen og partituret til Leif Halvorsen sin originalkomponerte musikk for symfoniorkester var lenge sett på som tapte, men er begge funne att. 88 år etter førstegongsvisinga ligg filmen no føre i ei form som truleg ikkje ligg langt unna slik filmen var i 1921.

Filmene har vorte restaurert av Norsk filminstitutt og Nasjonalbiblioteket, og ny innspela originalmusikk ved Kringkastingsorkesteret er lagt på. DVD-samlinga er eit resultat av eit samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket, Norsk filminstitutt, Nordisk Film Distribusjon AS, med støtte frå Utanriksdepartementet og Film & Kino.

Hamsun 2009: Bakgrunn og organisering

Kultur- og kyrkjedepartementet ønskjer at 150-årsjubileet for at Knut Hamsuns fødsel skal bli markert på ein måte som er verdig Hamsun sin nasjonale og internasjonale posisjon som diktar. Departementet har bede Nasjonalbiblioteket ta ansvar for den offisielle jubileumsmarkeringa og legg til grunn at jubileet blir planlagt og gjennomført i samarbeid med relevante fagmiljø og andre aktørar som kan bidra på ein vesentleg måte.

Det nasjonale jubileumsprosjektet leia av Nasjonalbiblioteket har fått namnet *Hamsun 2009*. Eit rådgjevande prosjektforum er oppretta, med representantar frå kommunane Hamarøy, Grimstad og Lom, Hamsun-Selskapet, forskingsmiljøa og ein person med erfaring frå eit tidligare forfattarjubileum. Utanriksdepartementet er representert som observatør i prosjektforumet.

Nasjonalbiblioteket har initiert eit samarbeid med Riksteatret som saman med Hamsun 2009 står bak fire nasjonale markeringar i Oslo, Lom/Vågå, Hamarøy og Grimstad. Den enkelte Hamsun-kommunen har på oppmoding frå Nasjonalbiblioteket oppretta ein komité for å planleggje dei Hamsun-markeringane som skal skje lokalt og regionalt.

Mange aktørar

150-årsjubileet for Knut Hamsuns fødsel vil bli feira over heile landet og i utlandet. I Noreg vil skolar, fagmiljø, organisasjonar, kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar som ønskjer å bidra til å spreie kunnskap om livet og forfatterskapet til Hamsun, initiere og gjennomføre tiltak i eigen regi, og inngå samarbeid om ulike markeringar.

Utanriksdepartementet har ansvaret for det internasjonale kultursamarbeidet og Noregs-profileringa i utlandet. Formålet med å profilere Hamsun internasjonalt i 2009 er å gjere diktargjeringa hans synleg, bidra til ny og auke eksisterande Hamsun-interesse i fleire delar av verda, og i ulike kulturelle samanhengar. Siktemålet er òg å profilere det moderne Noreg som hentar fram og fornyar ein viktig del av kulturarven sin.

Jubileumsåret 2009 – fire nasjonale markeringar:

19. februar – Oslo: «Sult og suppe»

Hovmodig, svolten stolt, febril, rasande, forelska, håpefull og fattig. 19. februar markerte vi opninga av Hamsun-året 2009 med utdrag, scener, dialogar og monologar frå Knut Hamsun sin modernistiske gjennombrotsroman *Sult* (1890).

Vi kunne følgje Ylajali til St. Olavs plass og oppleve: Brudulje på trappa til Nasjonalgalleriet. Song og musikk i Studenterlunden. Refusjonar hos avisa. Utkasting frå hyblar og hus. Krangel med konstablar. Kjøttbein og gudsåtak. Munter passiar med gatejenter. Suppestasjonar overalt. Regi: Catrine Telle/Riksteatret.

1. august – Lom/Vågå: «Å Isak! Hamsun på tvers av tida»

Knut Hamsun fekk nobelprisen for romanen *Markens grøde* i 1920. *Markens grøde* er kanskje det mest lesne, mest elska og mest hata verket Hamsun har skrivne. Romanen har vorte kalla ein nasjonalskatt, Hamsun sin hyllest til naturen og naturmennesket, men han har òg vorte nytta som døme på det reaksjonære samfunns- og kvinnesynet til Hamsun.

1. august samlast om lag hundre kvinner i gule kjolar på Sognefjellet. Blant dei er Ane Dahl Torp, Liv Bernhoft Osa og Marit Østbye. Ramma inn av fjell, korverk, barnegråt og byldar møter vi *Markens grøde* sett gjennom auga til fem framståande norske samtidsforfattarar.

Herbjørg Wassmo, Gro Dahle, Maria Tryti Vennerød, Hanne Ørstavik og Vigdis Hjorth vart inviterte til å kome med ein reaksjon på nobelprisromanen frå deira perspektiv som skrivande kvinner i 2009. Det er kjærleik, sarkasme og refleksjon. Regi: Kjersti Horn/Riksteatret.

4. august – Hamarøy: «Gruv ikke for det – en festforestilling»

Knut Hamsun sin bursdag blir feira med opninga av det nye Hamsunsenteret på Hamarøy, opninga av Hamsundagane og ei forrykande framføring med Hamsun-tolkarar frå heile Noreg. Hamsuns evige gründer August frå *Landstrykere* bind det heile saman, i Per Kjerstads figur. Sjå ikkje bort frå at han kan kome med nokre gode tilbod. Regi: Catrine Telle/Riksteatret.

18. september – Grimstad: «På gjengrodde stier»

I steinbrotet Fjæreheia strever ein gamal mann seg av garde på attgrodde stiar – tunghøyr og nesten blind, men med den mektige krafta i språket intakt. Få med deg den poetiske og melodiose framsyninga om Knut Hamsun og om den einsame stilla som rår i alderdommens.

Framsyninga er den siste av fire nasjonale jubileumsmarkeringar i høve 150-årsjubileet for Knut Hamsun. Framsyninga er ein samproduksjon mellom Riksteatret og Agder Teater på vegne av Nasjonalbiblioteket. Regi: Hilde Andersen. Skodespelar: Lars Øyno.

Programma blir fylt ut med detaljar etter kvart på hamsun.no

Hamsun

2009

Om nettstaden hamsun.no

Nettstaden www.hamsun.no er ein sentral kommunikasjonskanal i jubileumsåret for Knut Hamsun. På hamsun.no finn du aktualitetsstoff og informasjon om Hamsun-arrangement i inn- og utland. Ressurstorget gir oversikt over foredragshaldarar, framsyningar og andre Hamsun-relaterte ressursar, til dømes kan du laste ned tre postkort med Hamsun-motiv. I tillegg vil nettstaden formidle Hamsuns liv og diktning mellom anna gjennom materiale frå samlingane til Nasjonalbiblioteket (bilete, plakatar, manuskript med meir), informasjon om ny forskning og nyskrivne tekstar av samtidsforfattarar.

Nettstaden blir utvikla og drifta av Nasjonalbiblioteket (redaktør: Gro Roksand), og vil bli vidareført etter jubileumsåret.

Hamsun 2009

Nasjonalbiblioteket

Postadresse: P.b. 2674 Solli, 0203 Oslo

Besøksadresse: Henrik Ibsens gate 110

Tlf: 23 27 60 60

Epost: hamsun@nb.no

www.hamsun.no

Knut Hamsuns liv og verk

- 1859 Knud Pedersen, seinare Knut Hamsun, vart fødd 4. august i Gudbrandsdalen.
- 1862 Flytta med familien til Hamsund på Hamarøy i Nordland.
- 1877 Den første boka hans, *Den Gaadefulde*, vart utgitt i Tromsø på Mikal Urdals forlag.
- 1886 Reiste om vinteren til Kristiania der han opplevde svolt og fattigdom. I august reiste han for andre gong til USA. Arbeidde m.a. som sporvognskonduktør i Chicago.
- 1887 Reiste om våren til Minneapolis der han var journalist og foredragshaldar.
- 1888 I august fylte han 29 år, men omtalte seg sjølv konsekvent som eitt år yngre frå no av. I november vart dei første kapitla av *Sult* trykt anonymt i tidsskriftet *Ny jord* i København.
- 1890 *Sult* vart i juni utgitt som bok under fullt namn. Reiste til Lillesand der han skreiv novella «Smaabyliv» og programartikkelen «Fra det ubevidste Sjæleliv».
- 1892 *Mysterier* kom ut i september.
- 1894 *Pan* vart utgitt i desember.
- 1898 Hamsun gifta seg med Bergljot Goepfert (fødd Bech) 13. mai. *Aftenrøde* vart utgitt i juni og urframført 17. oktober på Christiania Theater (gjekk 11 gongar). *Victoria* vart utgitt i oktober.
- 1909 Hamsun gifta seg med Marie Lavik (født Andersen) 25. juni. Gav ut *En Vandrers spiller med Sordin* i månadsskiftet november–desember.
- 1911 Bokutgåva av *Livet ivold* kom i januar. Hamsun kjøpte lensmannsgarden Skogheim på Hamarøy, og etter ei tid med ombygging busette han seg der som diktar og bonde saman med Marie.
- 1917 Selde garden Skogheim på Hamarøy og flytta til Larvik. Gav ut *Markens Grøde*.
- 1918 Familien Hamsun flytta til Nørholm ved Grimstad.
- 1920 Gav ut *Konerne ved Vandposten*. 10. desember mottok Hamsun nobelprisen for romanen *Markens Grøde* i Stockholm.

- 1927 *Landstrykere* vart utgitt i oktober.
- 1935 Hamsun gjekk til åtak på den fengsla tyske pasifisten og seinare mottakaren av Nobels fredspris Carl von Ossietzky i artikkelen «Ossietzky» på trykk i Aftenposten og Tidens Tegn 22. november.
- 1940 9. april vart Noreg invadert av tyske troppar. Hamsun skreiv artikkelen "Et Ord til os" ved krigsutbrotet, og i tillegg ei rekkje andre artiklar og opprop til støtte for okkupasjonsmaktene.
- 1943 Hamsun sendte nobelprismedaljen sin til Goebbels i juni. Hadde eit stormande møte med Hitler i Berchtesgaden 26. juni, der Hamsun klaga over Terboven, den tyske rikskommissæren i Noreg.
- 1945 Den 7. mai 1945 skreiv Hamsun nekrolog over Adolf Hitler i Aftenposten. Etter at tyske stridskrefter hadde trekt seg ut av Noreg, vart Knut og Marie Hamsun sett i husarrest på Nørholm. Hamsun vart etter kvart tvangsflytta til Grimstad sjukehus. 23. juni vart han framstilt for Sand forhøyringsrett i Grimstad, sikta etter straffelova § 86 og 140, for brotsverk mot staten. Han vart seinare overført til Psykiatrisk klinikk på Vinderen i Oslo der han vart undersøkt av overlege Gabriel Langfeldt. Hamsun gjorde notat til *Paa gjengrodde Stier*.
- 1946 Hamsun vart utskriven frå Psykiatrisk klinikk etter eit opprivande opphald. Den psykiatriske erklæringa konkluderte med at Hamsun var strafferettsleg tilrekneleg og at dei vurderte ham som ein person med varig svekka sjelsevner.
- 1947 Etter den rettspsykiatriske vurderinga lét riksadvokaten vere å reise straffesak mot Hamsun. Spørsmålet om han skulle bli gjort økonomisk ansvarleg for medlemskapen sin i NS, vart overlate til Erstatningsdirektoratet. Rettstingingane i erstatningssaka mot ham gjekk 16. desember i Sand heradsrett i Grimstad. Hamsun vart dømd til å betale kr 425 000 i erstatning for NS-medlemskapen. Dommen fall 19. desember. Høgsterett reduserte juni 1948 summen til kr. 325 000.
- 1949–1952 *Paa gjengrodde Stier* vart utgitt 28. september 1949. Hamsun levde stille og tilbaketrekt på Nørholm med sterkt svekka syn og hørsel.
- 1952 19. februar: Knut Hamsun døydd i soverommet sitt på Nørholm. Han er gravlagd på Nørholm.


Meir om Hamsuns liv og verk: http://www.nb.no/hamsun2009/hamsuns_liv_og_verk

Hamsuns kalenderblad

av Sigbjørn Grindheim, forskingsbibliotekar Nasjonalbiblioteket

«Jeg har alltid hat det med at rable ned litt om Nætterne efter et Par Timers Søvn, det er verken Fugl eller Fisk om Morgningen, bare løse Lapper, jeg har ikke anden Klad,» skreiv Hamsun til forleggjaren sin, Harald Grieg.

Når Knut Hamsun skreiv notat, brukte han det papiret han hadde for handa: Ei rein side på baksida av eit blad det var skrive på, kunne gjere nytta, same kva som stod på framsida. Det kunne vere eigne manuskriptblad, mottekne brev og konvoluttar, rekningar og begge sider av avrivne kalenderblad; dei siste var det særleg nærliggjande å bruke, dei hadde gjort tenesta si. Skrivepapir var eit knapt gode i mange heimar på 1800-talet og det var ikkje noko merkeleg å spare på det. At ein ikkje sløser med papir, sit framleis i ryggmergen på mange.



Var breva i kvartformat, reiv han dei i to midt på, så fekk han skriveark i oktavformat. Dei bokmanuskripta Nasjonalbiblioteket har, er for det meste i dette formatet; t.d. har manuskriptet til *Rosa* både artikkelmanuskript og brev på baksida. Delar av *Siste kapitel* er skrive på kalenderblad, det same er kladden til ein artikkel om Strindberg til fødselsdagen hans i 1912 og notat og kladdar til *August*. I brevet nemnt ovanfor til forleggjaren Harald Grieg* skriv Knut Hamsun om manuskriptet til *Ringens sluttet*: «Saa er det bare at jeg altsaa ikke har Klad, du har vel Gudsjelov et brandfrit Hul i Jorden til Mskpt.** »

Kalenderblad i jubileumsdesignen

Hamsun 2009 har teke kalenderlappane i bruk som designelement i 150-årsjubileet, mellom anna på banner, flygeblad, invitasjonar og i program. Anna Aune ved reklamebyrået Hei! står for utforminga.

*Brevet til forleggjar Grieg 23. mai 1936 er trykt i *Knut Hamsun som han var. Et utvalg av hans brev* ved Tore Hamsun, Oslo 1956, s. 94-95, og deretter i *Knut Hamsuns brev* ved Harald S. Næss, men det er ikkje kjent kven som eig originalen.

** Mskpt=manuskript